




# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for desember 2012

Årgang 48



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Jarle Kristiansen  
Visepres: Karin S. Holstad  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Barnhard Harkjerr  
Styremedlem: Øystein Alme  
Ansv.red.: Aage Nytun  
Referent: Vigdis Riise

## Fødselsdagar i desember:

Øystein Alme	14. desember
Elias Sellevoll	15. desember
Bjørn Teigene	19. desember
Einar Arne Riise	27. desember

---

## JUL

*Vor Verden er jo ofte  
saa skoddetung og sur.  
Og Barnesind er Fange  
i Lænke og i Bur.  
Og Ørnenæb vil hugge  
og Høgeklo vil slaa.  
Og gjerne vil de store  
bli større ved de smaa.*

*Saa var det, at Vorherre  
som Julebarn steg ned  
og lyste over Jorden  
sin himmelbaarne Fred.  
Han kom at tørre Taarer,  
han kom at stanse Graad.  
Han kom at redde Livet,  
som ikke vidste Raad.*

*Og alt imens et Juleneg  
løftes paa sin Stang,  
saa banker der et Hjerter  
mod Vintertidens Trang.  
Og alt imens et Julevers  
stiger ifra Bryst,  
saa mindes bange Hjerter  
om Julebudets Lyst.*

---

## **Mandag 03. desember.**

Møtet vart opna av president Jarle (Kristiansen) og med songen ”Danse mi vise”.

Denne kvelden heldt Anders Riise foredrag om drifta av ambulansetenesta i Hareid kommune frå starten i 1970 då første sjukebil vart innkjøpt av Bjørn Riise, far til Anders, og Sigbjørn Haddal. Bilen kosta kr. 30.000,- og var ein Volvo 145 med oppbygt tak og var sparsommeleg utstyrt i høve til dagens standard.

Ivar Moldskred kom også inn som eigar og drivar og dei delte vaktene slik at dei hadde kvar si veke vakt døgnet rundt ved sida av å køyre drosje. Det var driftsavtale direkte med Trygdekontoret og det var ikkje pålagt følgjeteneste, så det var meir ein rein transport til og frå sjukehusa. Dei hadde om lag 120 turar pr. år.

Frå 1986 tok Møre og Romsdal Fylke over vedr. driftsavtalar og organisering av tenesta vart endra framover i - 90åra.

Anders Riise kom inn i drifta i 1993 og frå -95/-96 vart følgjetenesta betalt av off, midlar og ein fekk betaling pr døgn og for køyrde km. For Hareid som hadde få km til sjukehusa, så kunne tilskotet godt ha vore større!

I 2001 vart ambulansetenesta overteken av Aktiv Omsorg der Anders Riise og Sigbjørn Haddal vart eigarar og drivarar. Dei hadde avtale med Helse Sunnmøre.

Frå 01.jan 2008 overtok Helse Midt-Norge og dei gjekk bort frå kommunevis ansvar og lyste ut anbod **på område** i regionen.

Aktiv omsorg har dei siste 5 åra drive ambulansetenesta i området Stranda, Sykkylven og Geiranger. Vidare Hareid, Ulstein, Herøy og Sande medan dei har sett vekk (outsoursa) drifta i Vanylven. Dei har no 62 tilsette i 100% stilling på 9 bilar i desse 7 kommunene og utfører frå stasjonen i Ulstein/Hareid ca. 1600 – 1700 turar pr. år.

Frå 01. januar 2013 vert drifta av ambulansetenesta overteken av Helse Midt Norge og Aktiv Omsorg er ute som drivarar av ambulansetenesta frå denne dato.

## **Mandag 10. desember.**

Sidan Jula nærma seg, song vi ”Det hev ei rose sprunge” til opning av møtet.

Jarle Klungsøy f. 1933, ein trufast medlem sidan 1968 i Hareid Rotary døydde denne veka. Han vart minna med eitt minutt stillheit.

Programmet elles denne kvelden var ved Ståle Rogne frå NAV Pensjon som heldt foredrag om ”Pensjonsreforma i praksis”.

## **Mandag 17. desember. Julemøte med lutafisk.**

I god tid før kl. 18.00 var klubbhussalen pynta og pådekka til om lag 35 medlemmer som hadde meldt seg på til Julemøtet med servering av lutafisk og mør.

Møtet vart opna med julesong og alle vart ønskt velkome av president Jarle – spesielt velkomen var Jens Prest som heldt ei fin andakt over eit dikt som Arnfinn Haram hadde skrive. Arnfinn budde på Hareid i ungdomsåra og konverterte seinare til katolisismen og vart munk i Oslo. Han døydde brått på tur i Oslomarka for ca 1 år sidan.

Bordverset vart som vanleg ”Deilig er jorden” og det passa godt. Sjeldan har ein smakt så ”deilig” lutefisk som den vi fekk servert i år!! Kjøkensjef var Jørn med Magnar, Idar, og Bernhard m.fl. som gjorde ein framifrå jobb og fortenar stor takk for eit godt måltid. Stemninga rundt borda var god og vi ønskte kvarande God Jul før vi takka for oss og drog heim i nydeleg vinterver.